

Vår referanse:
2024/1317 - 5

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Karina Nerland

Dato:
23.02.2024

Nasjonalt senter for yrkesfag i Førde

Sognarådet interkommunalt politisk råd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Sognarådet syner til fråsegn frå Region Fjordane med støtte til oppretting av eit nasjonalt senter for yrkesfag i Førde. Sognaregionen har stort behov for yrkesfagleg kompetanse i åra som kjem til eit næringsliv i vekst. Etablering av eit nasjonalt senter for yrkesfag i Førde vil bidra til å styrke regionen Sogn og Fjordane si attraksjonskraft og rekrutteringsevne i framtida. Eit slikt senter vil vere ein nyttig samarbeidspartnar for Campus Sogndal, som i dag har eit godt og framtidretta samarbeid med mellom anna HVL sin aktivitet i Førde. Det vil samstundes vere ein god framtidig partnerskap for Sogn Center of Vocational Excellence (COVE) og Sogn Utdanningscenter/Årdal Teknologipark, som alle er under utvikling i samspel mellom næringsliv, akademia og offentleg sektor.

Sognarådet støttar med bakgrunn i dette fråsegna frå Region Fjordane om å etablere eit nasjonalt senter for yrkesfag i Førde

Med helsing

Roy Egil Stadheim

leiar

Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift.